



## Ein tur rundt den vakre Bjørnefjorden med sitt vekslende naturlandskap - fjordar, øyar og fjell - og interessante kulturminner.

A trip round the lovely Bjørnefjord, with its varied scenery - fjords, islands and mountains - and interesting cultural heritage.



Bjørnefjorden.



**Os kommune** har ein båt under ei stor rose i kommunemerket. Det symboliserar hevdvunne handverk i Os, i form av Oselvarbåten og rosemåling.. Kommunen har i dag omlag 13.000 innbyggjarar. Frå 1100-talet vart Os si historie sterkt prega av at Lyse Kloster vart grunnlagt i bygda. Lyse Kloster vart skipa 10. juli 1146 av bisp Sigurd i Bergen. Det vakre landskapet i Os har lokka mange til seg, og ein av desse var fiolinvirtuosen Ole Bull. I 1872 fekk han bygd eventyrlege «Villa Lysø» på Lysøya i Lysefjorden.



**Os district** has a boat beneath a large rose on its coat of arms, symbolising the district's traditional handicrafts, boatbuilding and decorative rose painting. Today, the district's population is about 13,000. From the 12th century onwards, Lyse Abbey played a key role in the area's history. The abbey was consecrated on 10 July 1146 by Bishop Sigurd of Bergen. The district's beautiful countryside has attracted many people, including the violin virtuoso Ole Bull. In 1872 he had his fairytale villa built on Lysøen in the Lysefjord.



**Tysnes kommune** har to økser med tak over som symboliserar Onarheimsgilde i kommunemerket sitt. Onarheim var eit hovdingsete i forhistorisk tid. Garden var eit midtpunkt og møtestad i den vestre delen av landet vårt, vide kjend som kultstad og tingstad. I Tysnes kommune er det 2900 fastbuande innbyggjarar og det er 9000 som har sin feriestad her.



**Tysnes district** has as its symbol two oxen with a roof over them, representing the Onarheim Guild. Onarheim was the seat of a prehistoric chieftain, whose farm was a centre of worship and assembly for western Norway. Tysnes district has 2,900 permanent residents and 9,000 residents with holiday homes.



**Fusa kommune** har stiliserte jettegryter i kommunemerket. Det er ein vidstrakt kommune med 137 km strandline. Her finn ein idylliske fjordar med holmar og svaberg, vekkøyemede dalar med stupbratte fjellsider omkring, frodige gardsbruk og fiskerike vassdrag. Folketalet er omlag 3700.

**Fusa**, a scattered district with 137 km of coastline, has potholes depicted on its coat of arms. Here you will find idyllic fjords with small islands and skerries, concealed valleys surrounded by steep mountainsides, abundant agriculture and rivers rich in fish. The population is about 3,700.



### Avstander/Distances:

Bergen-Os	30 km
Os-Halhjem	5 km
Halhjem-Våge, ferje/ferry	25 min.
Våge-Stussvik	
Stussvik-Kilen	
Kilen-Eikelandsosen	10 km
Eikelandsosen-Vengjaneset	14 km
Vengjaneset-Hatvik ferje/ferry	10 min.
Hatvik-Os	5 km

### Reiserute

Frå Bergen E39 syddover via Nesttun-Kalandseid-Søfteland til Os/Osøyro. Frå Os sentrum (1) følgjer vi E39 syddover til ferjeleiet Halhjem. Ferje over Bjørnefjorden til Våge i Tysnes kommune. Vidare på Rv49 austover via Lundegrend-Luksund bru til Stussvik. Frå krysset i Stussvik tar ein til venstre mot Sævareid og Kilen i Fusa kommune. Vi køyrer forbi Sundvor-Nordtveit-Fernanger-Baldersheim og Engjavik (2) I Kilen tar ein til venstre på Rv48. Her køyrer vi forbi Drageidkanalen (3) og Holdhus gamle kirke (4) til Eikelandsosen, som er kommunesenter. I Eikelandsosen tar ein til venstre på Rv552, og reiser gjennom Fusa-bygdene til Fusa, gjerne med ein «avstikkar» til Vinnes (5), deretter tilbake til Venjaneset, over fjorden med ferje til Hatvik og tilbake til Os.

### Route

From Bergen city centre, follow E39 south via Nesttun\_Kalandseid-Søfteland to Os/Osøyro. From Os village (1), continue south on E39 to Halhjem ferry terminal. Ferry across the Bjørnefjord to Våge, Tysnes district. Follow Rv49 east via Lundegrend and Luksund bridge to Stussvik. At the junction here, turn off to the left towards Sævareid and Kilen in Fusa district (C). Drive past Sundvor, Nordtveit, Fernanger, Baldersheim and Engjavik (2). At Kilen, turn left onto Rv48. Pass the Drageid Canal (3) and Holdhus old church (4) and continue to Eikelandsosen, the district's administrative centre. Turn left at Eikelandsosen onto Rv552, and head for Fusa village, via the area of the same name. You may like to make a detour to Vinnes (5), before returning to Venjaneset to take the ferry back across the fjord to Hatvik and Os.



Lette og merka fotturar. Eigne kartskisser og informasjon for kvar tur

Easy and marked walks. Especially designed maps and information to each walk

## Stader ymse av interesse:

(1) **Osøyro** er kommunesenter og ligg ved elveosen, som har gjeve garden, bygda og seinare kommunen namn. Her er det ein treng av servicetilbod, anten ein kjem langs landevegen eller i båt.

(2) **Engevik** var militært hovedsete for søndre bergenhuiske regiment midt på 1700 talet. Engevik gaard som no er restaurert og open for førehandstinga grupper, var den militære sjefsgarden for dette regimentet. Engevik hamn ligg litt lenger inne i Sævareidfjorden og var eit handels-senter tidleg på 1800 talet. Her dreiv dei østersjøhandel, sildesalting i buena, her var krambu, bakeri, post og pensjonat.

(3) **Drageidkanalen** vart bygd i 1887 for at ein skulle betra transportvilkåra frå Hålandsdalen til sjøen. I Hålandsdalen var det mellom anna mykje ved, som då kunne fraktast i båt over Skogseidvatnet, vidare gjennom Drageidkanalen til Henangervatnet som går heilt ned til Sævareidfossen, der vart den lasta i større båtar og frakta til Bergen. Sævareidvassdraget er eit særleg populært fiskeområde, med felles fiskekortordning og båtutleige.

(4) **Holdhus kyrkje** i Hålandsdalen er ei av dei mest interessante etterreformatoriske kyrkjene på Vestlandet. I tårnet og i somme av stolane finst materialar frå stavkyrkja som har stått på same staden. Stavkyrkja er første gong omtala i ei jordebok frå ca. 1350. Kyrkja og kulturlandskapet omkring fortel oss mykje om liv og levemåte før i tida. Det gjer også skulemuseet, som ligg like ved kyrkja. Ope for omvising i sommermånadene.

(5) **Vinnesholmen**. På garden Vinnes har det vore husmannsplass så tidleg som år 1658, men vi veit ikkje kor langt attende i tid det har budd folk i Vinnesholmen. Den vesle husmannsplassen er sett fint i stand og vert leigd ut på sommarstid - ein idyll ved Bjørnefjorden og eit nærbilde av den nøysame levemåten. Ein del av den historiske vandrainga på Vinnes. Sjå fottur 32A.

## Places of interest and attractions:

(1) **Osøyro**, the administrative centre of Os district, is situated at the river mouth that gave its name to the farm, the village and eventually the district. A wide range of services are available, whether you come by road or sea.

(2) **Engevik** was an important military base in the mid 18th century. Engevik manor, which is now restored and open to groups by prior arrangement, was the regimental headquarters. Engevik harbour, a little further up the Sævareidfjord, was a trading centre in the early 19th century, engaging in Baltic trade, with huts where herring was salted, a shop, bakery, post office and guest house.

(3) The **Drageid Canal** was built in 1887 to improve transport links between Hålandsdalen and the sea. Hålandsdalen was a source of much timber, among other things, which was transported by boat across Skogseidvatnet, on through the Drageid Canal to Henangervatnet and down to Sævareidfossen, where it was transferred to larger boats for transport to Bergen. The Sævareid watercourse is particularly popular with anglers, with permit-sharing arrangements and boat hire.

(4) **Holdhus church** in Hålandsdalen is one of the most interesting post-Reformation churches in western Norway. The tower and some of the pews contain remnants of the stave church that once occupied the same site and was first mentioned in a land register in c. 1350. The church and the surrounding agricultural landscape tell us much about old ways of living, as does the school museum, right beside the church. Open for guided tours in the summer months.

(5) **Vinnesholmen**. There was a croft at Vinnes as long ago as 1658, but we do not know how long people have been living on Vinnesholmen. The tiny croft has been lovingly restored and is rented out during the summer, offering guests an idyll beside the Bjørnefjord and a taste of the simple country life. Part of the Vinnes heritage trail. See Walk 32A.